



FJELL KOMMUNE  
Postboks 184  
5342 STRAUME

Dato: 29.06.2017

Vår ref.: 2015/10285-21

Saksbehandlar: hanengu

Dykkar ref.:

Att. Lunde, Einar

## Fråsegn - Varsel om utvida plangrense - reguleringsplan for ny Fv 561 - Fjell kommune

Vi viser til brev datert 9.6.2017 om varsel om utvida plangrense for reguleringsplan for ny fv 561 i Fjell kommune. Hovudføremålet med reguleringa er vegføremål og er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Vi viser til vår fråsegn gitt i brev av 17.11.2015.

### Vurdering og innspel

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi viser til vårt innspel i saka i brev datert 17.11.2015, og minner igjen om at dokumentasjon av kulturminne skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Konsekvensutgreiinga i denne saka må utvidast slik at den også omfattar dei utvida delane av planområdet. Kulturminna må omtala og verneverdiene må vurderast.

I samband med varsel om oppstart av arbeidet med ny Fv 561 vart det i 2016 gjennomført arkeologiske registreringar innafor det opprinnelige planområdet. Det vart gjort funn av tre automatisk freda kulturminne frå steinalder (Askeladden id 219651, 219652, 219653), to ikkje freda funnstader frå steinalder, og ei rekke nyare tids kulturminne i form av steingjerder, bakkemurar, rydningsrøyser og ruinar vart registrert.

Den arkeologiske registreringa, saman med planområdet si høgde over havet og topografiske høve, indikerer at det er potensiale for funn av steinalderbuplassar i delar av dei utvida områda av den nye planavgrensinga. Vi finn det dermed naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein føremon for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Jr. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, jfr. § 10, må kostnadene ved registreringa dekkast av tiltakshavar. Kostnadsoverslag for registrering blir ettersendt.

Elles viser vi til tidlegare innspel i saka. Ein bør i størst mogleg grad unngå direkte konfliktar med freda kulturminne, eller andre kulturminne med høg verneverdi. Automatisk freda eller andre kulturminne med høg verneverdi som ligg nær nye tiltak i planen, utan å bli direkte råka, bør inkluderast i planen sitt areal med arealføremål LNF og omsynssone c/d, jf PBL §§ 12-5, 12-6 og 11-8.

### Samferdsel

Fjell kommune varslar utviding av plangrensa på strekninga Kolltveit – Ågotnes. Plangrensa er særskilt utvida ved kryssområdet på Kolltveit og nær Knappskog. Fylkeskommunen legg til grunn at det er tenkt eit nytt kryssområde her.

Det har vore fleire drøftingar mellom fylkeskommunen og kommunen når det gjeld vegløysingar på denne strekninga. Vegnormalane tilseier at vegen skal planleggast som 4-feltsveg med toplankryss på Ågotnes. Dette er ressurskrevjande løysingar som fylkeskommunen ikkje har vurdert realistiske med tanke på å få gjennomført prosjektet. Vi viser her til tidlegare planuttaler, og politisk vedtak i Fylkesutvalet den 23.06.2016 i samband med «*Sak om fråvik frå vegnormalane for FV 561 Kolltveit – Ågotnes*».

I Regional Transportplan 2018 – 2029 (RTP) som nyleg vart vedteke av Fylkestinget finn ein mellom anna følgjande strategiar for utvikling av fylkesvegnettet:

- *Legge nøktern standard til grunn ved utbetring av eksisterande vegar og punkttiltak.*
- *Prioritere vedlikehald og utbetring på fylkesvegnettet, framfor nye større vegprosjekt.*

Hordaland fylkeskommune er no bekymra for at Fjell kommune planlegg eit fylkesveganlegg som grunna kostnadskrevjande løysingar ikkje vil verte prioritert i RTP, og dermed ikkje vil vere realistisk å få ferdigstilt. I varselet som er sendt ut kjem det ikkje fram kva som utløyser behovet for utviding av plangrensa. Vi ber difor om eit undervegsmøte etter sommaren 2017 for informasjonsutveksling og drøfting av vegløysingar på strekninga Kolltveit – Ågotnes.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan).

### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på samferdsel og kulturminne. Elles viser vi til vår fråsegn gitt i brev 17.11.2015.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar communal plan

Hans-Christian Engum  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Ambjørg Reinsnoss, fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Endre Sten Nilsen - fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND